

---

Saknr: 2020/36298-1  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020

Investeringstilskot til anlegg der ein kan arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap. Retningslinjer

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for ordninga: Investeringstilskot til anlegg der ein kan arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap.

## Samandrag

Fellesnemnda vedtok 18. juni 2019 Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020 - 2024. Tiltak 4 omhandlar investeringstilskot til anlegg der ein skal arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap.

Føremålet er å medverke til at regionen utviklar kostnadskrevjande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har eksistert i Hordaland fylkeskommune sidan 1993.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef idrett og friluftsliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 står det m.a. at *store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet* og at *Toppidretten har sterke særiddrettslege krav til anleggsbygging og -utvikling. For at unge, lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikle seg vidare i fylket, og at Hordaland skal kunne vere vertskap for større nasjonale og internasjonale seniormeisterskap, må det byggast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi.*

Tilskotsordninga har søknadsfrist 30. april og vert lagt fram som politisk sak i juni.

Vedtakskompetanse: Utval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Fylkestinget i desember løyvde kr 2 mill til ordninga for 2020.

**Folkehelse:** Kultur- og idrettstilbodet er grunnleggjande for folk si helse og trivsel, og eit vilkår for å utvikle gode lokalsamfunn.

Retningslinjer for tilskotsordninga

## Investeringsstilskot til anlegg der ein kan arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap

Føremål med ordninga:

Vestland fylkeskommune sitt investeringsstilskot skal medverke til at regionen får store idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Desse anlegga er også viktige for at for at unge, lovande utøvarar og toppidretts-utøvarar skal kunne utvikle seg vidare i fylket.

Kven kan søkje:

Kommunar og andre anleggseigarar.

Kva kan støttast:

Kostnadskrevjande idrettsanlegg der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Vestland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av prosjektet. Anlegget det vert søkt om støtte til, skal vere forankra i ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv eller ein kommunedelplan for kultur. Investeringsstilskot vert berre løyvd til faste bygg/anlegg.

Storleiken på tilskotet vert vurdert i høve godkjent finansieringsplan. Tilskot frå det fylkeskommunale investeringsstilskotet vert vurdert i lag med anna fylkeskommunal støtte.

Krav til søknad:

Søknad om investeringsstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag. Anlegget skal vere forankra i kommunal plan. Søknaden skal og innehalde ein vurdering av anlegget sin nasjonale verdi, med uttale frå respektivt særforbund. Om det vert søkt om investeringsstilskot til eit anlegg med regional verdi som finst frå før i Vestland, er det opp til søkjar å skildre kva som skil anlegget i høve til det/dei som eksisterer.

Klage:

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Vestland fylkeskommune.